



Dette er 28 av dei som kom på den første treninga i 2007 i ski- og friidrottsgruppa. Men det stoppa ikkje der.....(Foto: Ola Matti Mathisen).

Det vanlege er at foreldre leverer ungane sine på trening og plukkar dei opp att ein time eller to etterpå. Men ski- og friidrottsgruppa i Uskedalen har funne på noko som må vera genialt: Foreldre og born er saman på treninga! Så langt er "familietreninga" i Aktivitetshuset på måndagar ein knallsuksess.

- Før jul var vi over 30, men eg er litt spent på oppmøtet i dag, for dette er den første treningsøkta etter årsskiftet, sa gruppeleiar Cathrine Haugland til uskedalsposten måndag kveld.
Ho trong ikkje å engsta seg, for då vi forlet arenaen var 28 unge og eldre på plass og det stoppa ikkje der.

Apropos unge og eldre: Spennvidda var imponerande, for yngstemann Olve Simonnes Tveit var vel eit år gamal medan eldstemann, Pål Haugland, har runda dei seksti.
Og apropos Haugland. Dette er i stor grad eit "Haugland-føretak": Ikkje berre Pål og Catrine, men også Astrid og Steinar er med og leiar den entusiastiske flokken.

- Lat meg presisera at vi har ikkje nokon sportslege ambisjonar, vi skal berre ha ei sunn og sosialt triveleg stund saman ein gong i veka, sa Pål.
- Eigentleg er dette vaksentrening, men vi satsar sjølvsagt ikkje på vekttraining for ungar under 10 år. Poenget er at vaksne og ungar skal trenast og ha det fint saman. Vi vil ikkje ha fleire aktive i konkurransar enn før, la Cathrine til.
Det er eit stort poeng at både mor og far får gå på trening saman med ungane. Dei set stor pris på akkurat det.

Den timelange treningsøkta blir gjerne opna med leikar. Så kjem ein bolke med styrketrening og så er det ballspel til slutt. Etterkvart som sommaren nærmer seg vil programmet bli meir prega av friidrottsaktivitetar. Men akkurat no ventar alle på snøen!

Det er også grunn til å merka seg at dette er ein vellukka nystart for den samanslegne ski- og friidrottsgruppa.

Dei to gruppene var små og sleit svært tungt kvar for seg. Dei fann at det kunne vera klokt å samle kreftene. Det skjedde i fjor under stor einigheit og no er ingen i tvil om at det var klokt.

Av Ola Matti Mathisen